



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 04.09.2013

Vår ref.: 2013/6655

Arkivnr.: 421.4

Vindafjord kommune

5585 Sandeid

Postadresse:

Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:

Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Uttale til offentlig ettersyn av reguleringsplan for sjøområde i Vats- og Yrkjefjorden

Fylkesmannen har motsegn til reguleringsplanen ut frå mellom anna stor fare for forureining og varig negativ endring i miljøtilstand knytt til sjøbotn og vasskvalitet i Vats- og Yrkjefjorden. Det bør ikkje tillast oppdeling og demontering av flytande oljeinstallasjonar ankra i fjorden. Planområdet har store naturverdiar og unike fiskeressursar som vert råka av den planlagde industrielle aktiviteten. Aktivitet knytt til bygging og montering av nye konstruksjonar, kan difor berre tillast ut frå strenge vilkår.

Vi viser til kommunen sitt brev av 19.06.2013 med utlegging til offentlig ettersyn av detaljreguleringsplanen for industriverksemd i sjøområde i Vats- og Yrkjefjorden.

### Planprosess til nå

Dei aktuelle områda er vist i kommuneplanen som Riggområde, med føresegner i pkt 5.3. Viktige punkter er mellom anna at det er plankrav for industriell verksemd og at *"Det må gå fram av plandokumenta korleis all forureining kan bli kontrollert og utsleppa regulert."*

Fylkesmannen gav i brev av 21.03.2011 (vår ref 11/1669) uttale til planprogram for denne reguleringsplanen. Vi var også den gong kritisk til ei industriverksemd i fjorden som innebar hogging av brukte oljeinstallasjonar og uttalte mellom anna at :

*"Det har til dømes vist seg å vere eit svært alvorleg problem at det er uråd å få full oversikt over kva forureiningar som brukte oljeinstallasjonar inneheld. Når desse i neste omgang skal industribehandlast flytande på djupt vatn, har ein ikkje hittil kunne vise at ein har kontroll på alle utslepp"....."Fylkesmannen er derfor svært skeptisk til om det er mogleg å få til ei forsvarleg verksemd med demontering i planområdet. Vi vil derfor varsle om at reguleringsplanen vil bli møtt med motsegn om ikkje overståande sitat frå kommuneplanen fullt ut er dokumentert innfridd."*

Vår konklusjon i uttalen til varslet var vidare at AF Decom burde legge vekk planane for demontering og behandling av flytande installasjonar i Vats og Yrkjefjorden og heller arbeide vidare med alternative løysingar.

## **Konsekvensvurderingar**

Utviklinga etter at nemnde uttale blei gitt, har vore at konflikten mellom industri og naturverdiar/marine næringsinteresser i desse fjordområda ikkje er redusert. For styresmaktene er det eit nasjonalt mål at verksemda ikkje skal føre til at naturverdiane og grunnlaget for både fiskerinæring og havbruk, blir redusert på grunn av forureining.

Yrkjefjorden er spesiell i Norge ved at den har opninga mot aust og fjordbotn mot vest. Dette har betydning for straummønster, naturmangfaldet og særleg for forekomst av stimgåande fisk. Det har i fleire hundre år vore eit svært godt fiske på mange ulike artar her. Det er opplysningar om at deler av fisket i fjorden er særskilt matrikulert, noko som er eineståande i Norge. Det er og registrert spesielle marine naturtypar på israndavsetninga i fjorden.

Nærare detaljer om dei uvanleg rike fiskeriressursane i fjordsystemet er omtalt mellom anna i Fiskeridirektoratet sin uttale til varslet og planprogrammet for denne reguleringsplanen, datert 27.03.2011.

Konsekvensutgreiinga (KU) som er utarbeidd til planen, har omtale av aktuelle utslepp, miljøforureingar og -konfliktar. Vi viser til samandraget i sakspapira til Formannskapsmøtet 18.06.2013 side 6-19. Fylkesmannen si vurdering er at faren for forureining og manglande høve til tilsyn, kontroll og sikring av utslepp, er undervurdert i KU. Vi antar at mangelen skuldast at det ikkje er kjent erfaring eller dokumenterte metodar som viser korleis dette kan gjerast i slike sjøområde. Det er heller ikkje vist eller drøfta korleis ein kan unngå ei utvikling der planområdet blir sterkt forureina etter industriell aktivitet på land og i sjøen.

Reguleringsplanar har som mål å avklare arealformål og aktivitet i planområdet. Det er ikkje god planlegging å opne for aktivitetar som det ikkje bør gis forureiningsløyve til. Av KU pkt 4.4 og kommunen sine sakspapir, kan det sjå ut til at ein legg opp til at kontroll av miljøtilstanden og oppfølging av utsleppsløyve etter forureiningslova skal sikre eller bidra til at sjøområda ikkje blir forureina. Dette er ikkje tilfredsstillande. Med den industridrifta som det vert lagt opp til i planområdet, vil det vere vanskeleg å måle og ha kontroll med utsleppa. På grunn av store sjødjup, vil det ikkje vere praktisk mogleg å reinse eller rydde opp gjenstander som er falt i sjøen. Jf at det etter industriverksemd elles er behov for ryddeprosjekt på sjøbotnen både innaskjærs og offshore.

I høve Risiko- og sårbarhetsanalysen (ROS) er det vanskeleg å sjå at KU har vurdert verst tenkelege uhell ved forureining av sjøen. Farene synes undervurdert. Vi nemner her at i pkt 4.4.1 Brann og eksplosjon er området vurdert som moderat sårbart. Det er i risikovurderinga (vedlegg 1, hendelse 3) sagt at det er ”meget sannsynlig” at uvedkommende tar seg inn på konstruksjonar sidan desse ligg lett tilgjengeleg i fjorden, men ”Hendelsen er vurdert ikke å medføre noen fare for det ytre miljø.” Iflg KU 4.4.5 vurderes området som moderat sårbart ved en slik hendelse.

I KU pkt 4.4.2 om Akutt forureining, har ein ikkje vurdert at utrangerte plattformer inneheld andre kjemikalier/forureiningar enn dei som er oppgjevne av den som er eigar på hoggingstidspunktet. Erfaringa hittil viser at det ofte er ukjente kjemikalier/forureiningar i installasjonane. Vi nemner og at det under AF Decom sitt arbeid med lastebøya for Statfjord C, vart funne olje, sjølv om det ved behandlinga av dispensasjonssøknaden for hogging av denne blei lagt til grunn at den ikkje skulle innehalde forureiningar.

Dette var og tema for vår uttale til planprogrammet, men tiltakshavars kommentar var iflg kommunens sakspapir at ”Tiltakshaver stiller seg undrende til Fylkesmannens påstand om at det er umulig å få oversikt over hvilke forurensinger brukte oljeinstallasjoner inneholder.....” Kommentaren viser at AF Decom ikkje tar denne problematikken nøye nok.

Vi går ikkje nærare inn på dei andre verksemdsbaserte hendingane i KU pkt 4.4, side 17-18.

Konfliktar knytt til støy og støv er behandla tilstrekkeleg godt ved at det er utarbeidd oppdaterte støysonekart og laga gode planføresegner i §5.4 og § 5.5.

## Hovudkonklusjon konsekvensar

Fylkesmannen vurderer faren for langsiktig forureining av fjordsystemet som det mest alvorlege ved denne reguleringsplanen. Erfaring viser at det er vanskeleg å ha sikker oversikt over kva forureining dei oljeinstallasjonane som skal hoggast, inneheld. Det er ikkje vist, korkje ved tilsvarande verksemdar eller i plandokumenta for denne reguleringsplanen, korleis all forureining kan bli kontrollert og utsleppa regulert ved opphogging/demontering i sjø.

## Merknader til planforslaget

Ovannemnde vurdering ligg til grunn når vi i det vidare konkret vurderer reguleringsplanen. Planforslaget har to hovudtema.

### 1)Oppankring.

Sjølve oppankringa av installasjonar kan føre til konfliktar knytt til ferdsel, fiske, landskap og friluftsliv. Vi har ikkje vesentlege merknader til kommuneplanen sine føresegner for denne aktiviteten og forstår at desse skal vidareførast i reguleringsplanen. Vi gjer likevel merksam på at andre instansar, f eks Fiskeridirektoratet og Kystverket, kan ha vesentlege merknader. Vi etterlyser gode tekniske løysingar som ivaretar fiskeriinteressene så langt som råd.

### 2) Industriell aktivitet

Vår vurdering er at industriell aktivitet i delområde 1 (djupare enn 20 m) og i delområde 2 knytt til de fire første punkta, vil kunne føre til farleg ukontrollerbar forureining. Dette gjeld

1. Seksjonering av stålunderstell plassert på sjøbotn for vidare gjenvinning på land.
2. Tilpassingsarbeid på sjøbotn for plassering av plattformunderstell og kranplattform
3. Midlertidig plassering av undervassinstallasjonar på botn før ilandføring
4. Seksjonering av flytande installasjonar for vidare gjenvinning på land

Pkt 1, 2 og 3 vil dessutan føre til at deler av sjøbotnen blir varig tildekka.

Fylkesmannen har av omsyn til faren for forureining i sjøen og på sjøbotnen **motsegn** mot industriell aktivitet knytt til pkt 1-4.

Med same grunngjeving har vi også **motsegn** til aktiviteten i punkt

5. Oppgradering/komplettering av riggar og andre flytande konstruksjonar.

Vi ser likevel ikkje bort frå at denne aktivitetstypen kan spesifiserast nærare og at deler av den kan vere akseptabel i deler av område 1, dersom det kan visast korleis ein kan kontrollere og sikre at vassmassar og sjøbotn ikkje blir forureina.

Industriell aktivitet har også eit siste punkt

6. Produksjon, vedlikehald og testing av offshore vindturbinar og transformatorstasjonar.

Dersom det blir lagt opp til god kontroll og sikring av utslepp, har vi ikkje grunnlag nå til å seie at forureiningsfaren ved denne aktiviteten er for stor. At verksemda har sikre detaljerte rutinar som blir etterlevd utan feil vil vere ein føresetnad for at dette kan tillatast i planen.

## Konklusjon

Fylkesmannen har **motsegn** til all planlagt industriell aktivitet, jf pkt 1- pkt 5, i område 1 (>20 m djup) og område 2. Spesifisering av pkt 5 kan føre til at montering og arbeid med nye installasjonar, jf dispensasjonssøknaden for Aasta Hansteen-plattformen, kan utførast i planområdet.

Industriell aktivitet i pkt 6) Produksjon, vedlikehald og testing av offshore vindturbinar og transformatorstasjonar, kan tillatast på grunn av at det er lettare å unngå forureining frå denne verksemda.

Med helsing

Harald Thune  
Assisterande fylkesmann

May Britt Jensen  
fylkesmiljøvernssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Odd Kjos-Hanssen  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 20  
E-post: fmrookh@fylkesmannen.no

Kopi til:

Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	Bergen
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger
Tysvær kommune	Postboks 94	5575	Aksdal
Kystverket Vest	pb. 1502	6025	Ålesund